

Eksamen

28.11.2018

HSF1003 Yrkesutøving / Yrkesutøvelse

Programområde: Programområde for helse- og oppvekstfag

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varar i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid føre dei opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du brukar utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>VURDERINGSRETTEING FOR SVARET PÅ OPPGÅVA</p> <ul style="list-style-type: none">- Når du løyser oppgåva må du beskrive dei vala du tek, og grunngje dei.- Kompetansen i faget ditt, ut frå kompetansemåla i læreplanen, viser du ved å<ul style="list-style-type: none">• presentere og bruke fagstoff, og grunngje synspunkta dine og forslag til løysing på oppgåva• trekke inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva• gjere greie for resultatet/konsekvensane av dei faglege vala dine• meistre relevante grunnleggande ferdigheiter• bruke eksempel der det er relevant• bruke ord og uttrykk frå faget, hjelpemiddel og vedlegg på ein føremålstenleg måte

Pål går på Vg1 helse- og oppvekst og er i praksis i ein barnehage. Der har han møtt mange barn med ulike føresetnader. Fleire av barna har foreldre frå andre land. Nokon av dei snakkar lite norsk. I denne barnehagen er det også eit barn som sit i rullestol.

Oppgåve 1

- a) Kva legg du i omgrepet omsorg?
- b) Gje nokre praktiske døme på korleis Pål kan vise omsorg i barnehagen.

Oppgåve 2

- a) Gjer greie for omgrepet fleirkulturelt samfunn og kultur.
- b) Drøft moglegheiter og utfordringar eit fleirkulturelt samfunn kan bringe med seg, og korleis desse moglegheitene og utfordringane kan påverke Pål sitt yrke.

Oppgåve 3

- a) Gjer greie for omgrepa tverrfagleg, heilheitleg samarbeid og intersektorielt samarbeid. Vis til fordelar eit slik samarbeid har for brukarane/elevane Pål møter i sitt arbeid.
- b) Drøft kva du meiner må til for å sikre eit godt tverrfagleg samarbeid for dei som er tilsett i helse-, sosial- og oppvekstsektoren.

Oppgåve 4

- a) Gjer greie for område i samfunnet vi i dag ser endringar og utvikling i. Kom gjerne med døme på nokon slike samfunnsmessige endringar.
- b) Drøft ulike konsekvensar endringane i samfunnet har for ein tilsett i ein barnehage.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>VURDERINGSRETTLEDING FOR BESVARELSEN</p> <ul style="list-style-type: none">- Når du løser oppgaven må du beskrive de valgene du tar og gi en begrunnelse- Kompetansen din i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen viser du ved å:<ul style="list-style-type: none">• presentere å bruke fagstoff, og begrunne dine synspunkter og forslag til løsning på oppgaven• trekke inn ulike synspunkter og løsninger som er relevante for oppgavens problemstillinger• gjøre rede for resultatet/ konsekvensene av dine faglige valg• mestre relevante grunnleggende ferdigheter• bruke eksempler der det er relevant• bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på en hensiktsmessig og etterrettelig måte.

Pål går på Vg1 helse- og oppvekst og er i praksis i en barnehage. Der har han møtt mange barn med ulike forutsetninger. Flere av barna har foreldre fra andre land. Noen snakker lite norsk. I denne barnehagen er det også et barn som sitter i rullestol.

Oppgave 1

- a) Hva legger du i begrepet omsorg?
- b) Gi noen praktiske eksempler på hvordan Pål kan vise omsorg i barnehagen.

Oppgave 2

- a) Gjør rede for begrepet flerkulturelt samfunn og kultur.
- b) Drøft muligheter og utfordringer et flerkulturelt samfunn kan bringe med seg, og hvordan disse mulighetene og utfordringene kan påvirke Pål sitt yrke

Oppgave 3

- a) Gjør rede for begrepene tverrfaglig, helhetlig samarbeid og intersektorielt samarbeid. Vis til fordeler et slik samarbeid har for brukerne/elevne Pål møter i sitt arbeid.
- b) Drøft hva du mener må til for å sikre et godt tverrfaglig samarbeid for de som er ansatt i helse-, sosial- og oppvekstsektoren.

Oppgave 4

- a) Gjør greie for områder i samfunnet vi i dag ser endringer og utvikling i. Kom gjerne med eksempler på noen slike samfunnsmessige endringer.
- b) Drøft ulike konsekvenser endringene i samfunnet har for en ansatt i en barnehage.



www.vigoiks.no/eksamen